

Bent Ove Færø
Hosøyvegen 43
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2353 - 21/58018

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
03.09.2021

Løyve til mindre endring av detaljreguleringsplan for Sjurneset. PlanID 1263201501

Vedtak

«Alver kommune godkjenner søknad om mindre endring av detaljreguleringsplan for Sjurneset med planID 1263201501, slik det går fram av plankart og føresegner sist datert 21.6.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.»

Bakgrunn for søknad

Alver kommune har mottatte søknad om mindre vesentleg endring av detaljreguleringsplan for Sjurneset, planID 1263201501. Av søknaden går det fram ein rekke mindre tiltak som vist under forslagsstillar ynskjer skal gjerast for å styrke gjennomføring av planen.

- BUN3 er snudd retning og trekt framover for å få mindre terreng inngrep. BRA vert endra frå 84% til 60% sidan formålet vert større.
- BFK1 er tilbaketrekt for få gode uteareal framfor rorbuen. Det vert opningar mellom alle rorbuer. BRA vert endra frå 90% til 70% sidan formålet vert større.
- Veg f_SV1 bak BFK1 endrast til gangveg f_SGG2 med bredde 1,5 meter.
- BUN2 er tilbaketrekt, BRA vert endra frå 64% til 85% sidan formålet vert mindre.
- Det etablerast kai f_SK2 framfor BUN2.
- BUN1 er snudd og tilbaketrekt.
- Oppdeling naust BUN endrast frå 2+3+3 til 2+2+4.
- Parkeringsplassar redusert frå 20 til 15 stk.
- Mindre justering av avkøyrse f_SV1 til f_SV2, samt mindre justeringar på høgder og veglinja på f_SV1.
- f_SV2 er justert litt i forhold til busk som eiar vil behalde, samt stolpe langs veg.
- f_SV6 vert avkøyrse til BFS2 og f_SV7 vert avkøyrse til BFS3.
- f_SK2 høgda er redusert frå +2,5 til +2,2 framfor BUN2 og frå +2,5 til +2,0 framfor BFK1.
- Høgda i BFK1 er redusert frå +3,5 til +3,0.

Planprosess

Forslag til planendring har vore ute på ei begrensa høyring for grunneigarar og offentlege mynde. Det kom inn 1 uttale frå Statsforvaltaren i Vestland og 1 privat merknad frå ein av grunneigarane i planområdet.

Statsforvaltaren påpeika at det er viktig at kai ved BUN2 vert open for ålmenta, slik det vert lagt opp til forslaget. Alver kommune vurderer at dei ålmenta sine interessa i område er ivaretekne gjennom føresegna.

Grunneigar av gbnr. 10/60 som er ei eksisterande hytteeigedom (BFF1) i planen stilte spørsmål om korleis dei får heimelsrett til naustet BUN3 som gjennom føresegn § 5.3.6 skal høyre til hytteeigedommen. Alver kommune sendte merknaden til forslagsstillar og fekk svar om at dette kan løysast gjennom ei grensejustering.

Vurdering

Kommunen vurderer det slik at endringane ikkje vil ha noko verknad for gjennomføringa av planen for øvrige, at dei ikkje vil gå ut over hovuddrammene i planen og at dei ikkje vil råke omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Kommunen vurderer at endringane er så små at dei fell inn under planendringar som kan handsamast administrativt utan politisk handsaming, jf. Pbl § 12 -14 og Alver kommune sitt gjeldande delegeringsreglement. Kommunen har vurdert den innkomne søknaden og kan ikkje sjå at endringane vil medføre ulemper for naboar i og utanfor planområdet.

Om klage og verknad av plan

Vedtaket om godkjenning kan klagast på av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf. Plan og bygningslova § 12-12 tredje ledd. Klagefristen er 3 veker frå denne kunngjeringa, jf. Forvaltningslova § 29. Eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Alver kommune si plan og byggesaks avdeling ved følgjande adressat:

Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug, eller som e-post til post@alver.kommune.no

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jf. Plan- og bygningslova § 12-4. Det vert og vist til plan- og bygningslova §§ 15-2 og 15-3 om krav til innløyising og erstatning for tap ved reguleringsplan. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Forvaltningslova § 27 bokstav b.

Gebyr

Det skal betalast gebyr for handsaming av endring av reguleringsplan med små endringar som kan avgjerast administrativt, jf. Gebyrregulativ § 7.2.2 bokstav a). Gjeldande sats for denne handsaminga er kr 25.000,-.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 1.Plankart_21.6.2021
- 2.Føresegner_21.6.2021
- 3.Planskildring_21.6.2021
- 4.Illustrasjonsplan_21.6.2021

Vedlegg:

5.Tekniske vegteikningar_BCU_25.5.2021

6.Snitteikningar & rorbuer oppriss_21.6.2021

Kopi til:

Magne Hope AS Entreprenørforretning	Litlåsvegen 197	5954	MONGSTAD
Weglo Design Plan & Landskap AS	Formanns vei 22A	5037	BERGEN

Mottakarar:

Bent Ove Færø	Hosøyvegen 43	5993	OSTEREIDET
Bente Merethe Hølleland Færø	Hosøyvegen 44	5993	OSTEREIDET
Bergen Hamn	Postboks 6040	5892	BERGEN
Bkk Nett	Postboks 7050	5020	BERGEN
Ester Hjälmhult	Sanddalsringen 54	5225	NESTTUN
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fiskeridirekoratet	P.b. 185 Sentrum	5804	BERGEN
Harald Nielsen Hølleland	Jansons Gate 31	5160	LAKSEVÅG
Jan Rune Hosøy	Heltveitvegen 9	5993	OSTEREIDET
Kristine Aasebø Kleiveland	Ørnnova 41	5993	OSTEREIDET
Kystverket	P.b. 1502	6025	ÅLESUND
Lars Øyvind Veland	Stranda 899	5993	OSTEREIDET
Marit Hosøy Gialousis	Hosøyvegen 35	5993	OSTEREIDET
Mona Kleiven	Indre Steinsvik 12 C	5237	RÅDAL
Ragnhild Hosøy	Røsvikrenen 8	5914	ISDALSTØ
Randi Hosøy	Hosøyvegen 35	5993	OSTEREIDET
Reidun Stensland	Terneveien 7	5097	BERGEN
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Kaigaten 9	5020	BERGEN
Truls Hosøy Fossdal	Indre Steinsvik 12 C	5237	RÅDAL
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Øystein Hosøy	Hosøyvegen 31	5993	OSTEREIDET